



Time kommune

Uttale frå Time idrettsråd – Økonomiplan 2022-2025

Idrettsrådet ynskjer med dette å gje høyringsuttale til rådmannen sitt forslag til økonomiplan for perioden 2022 til 2025. I samarbeidsavtala mellom Time kommune og Time idrettsråd står det at «Kommunen innhenter høyringsuttalelse fra idrettsrådet i saker som gjelder idretten»

Styret i Time idrettsråd har handsama saka i styremøte 11. november 2021.

Fokusområder

Økonomiplanen er eit viktig dokument for idrettslaga i kommunen. Kommunale driftstilskot er av stor betydning for at dei frivillige laga skal kunna gje eit trygt, godt og allsidig tilbod til dei kring 6 500 innbyggjarane våre som driv idrett på eit eller anna nivå.

Det same gjeld tilgjenge til nok anlegg. Difor er bygging, drift, vedlikehald og rehabilitering av både private og kommunale anlegg viktig. For dei private er det naudsynt med rammevilkår som gjer det mogleg å handtera anlegga. Samstundes er det viktig at også kommunen tek ansvar for gode anlegg der idrettslaga ikkje maktar å gjere lyfta åleine.

Idrettsrådet er mest oppteken av desse spørsmåla når me les økonomiplanen:

- Driftstilskot (aktivitetsmiddel) til laga
- Anleggstilskot til private idrettsanlegg
- Gratis tilgjenge til kommunale anlegg
- Vedlikehald av kommunale anlegg
- Bygging av nye kommunale anlegg
- Finansiering, bygging, drift, vedlikehald av private anlegg

Idrettsrådet er nøgd med kommunedirektøren sitt forslag til økonomiplan for perioden 2022 til 2025 og er særns nøgd med idrettssatsingen som til dømes nye hallar og tilrettelegging for aktivitet i kommunen.

Kommunen har motteke fleire søknader om tilskot til private anlegg.

Dette viser at det er god aktivitet i idrettslaga og at klubbane er klare til å bidra med investeringsmiddel og dugnad. Dette er særns viktig etter ei krevjande tid for idretten under corona pandemi.

Idrettsrådet ynskjer å legge vekt på to områder som ikkje er særns nemnd i planen, men er veldig viktig for idretten og idrettens framtid i Time kommune.

Idrettsrådet vil anbefale at kommunen

- tek bort grensen på 2 millionar kroner i tilskot kvart år til private anlegg. Dette vil redusere kø og gje idrettslaga moglegheit for realisering av nye private anlegg. Idrettsrådet ber om at kommunen i det minste vurderer ein dugeleg auke av grensa og auke fleksibilitet.
- å auka driftstilskuddet for private idrettslag då dette ikkje har vorte justert siden 2019.

Sluttord

Kommunedirektøren har laga eit informativt og godt budsjett. Me håper at idrettsrådets innspel merkes og tas hensyn til.

Bryne 15 november 2021

Time Idrettsråd

Gunn Djonne Berland

David Ponce

Ingrid Nese Veen

Sverre L. Bernt

Bjørn Erik Ualand

Cathrine Tjessem

Anniken Imsland